

Otto Dyrkolbotn
5994 Vikanes

Til Olje- og Energidepartementet

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
08/ 225 - 53	
DATO 30 APR. 2008	
AN	EKSP.

Fråsegn til framlegg om endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova

1. Innleiing

Ved brev 1004 08 frå OED vart underteikna vitra om at det er freist for å uttala seg om framlegga til 30. april i år. Dette er altfor knapp freist til å kunna arbeida ut ei omfattande og så godt grunngjevi fråsegn om desse spørsmåla som saka fortener.

Eg forstår vidare at det tilfanget som skal vera grunnlaget for ein uttale fyrst vart kjend så seint som 14. mars i år. Også rekna frå dette tidspunktet er freisten altfor knapp.

I det fylgjande tek eg difor berre opp nokre hovudpunkt. Dei einskilte konkrete endringsframlegga i lovteksten let eg stort sett liggja.

2. Nokre hovudpunkt

Det overordna synspunktet attom endringsframlegga er at vasskraftressursane tilhøyre eller skal tilhøyra det offentlege. Det er lagt fram "høyringsutkast til lovendringar som bygger på at landets vasskraftressursar skal vera folkets eige og forvalta til det felles beste" som det heiter i pressemelding nr 32/08. Det same synspunktet går att stort sett over alt i høyringsnotatet 1403 2008.

Slik utsegner av dette slaget er formulerte kan det vanskelig sjåast at dette berre gjeld vasskraftressursar som kjem inn under industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova. Utsegnene er forma ut generelt og ser ut til å vera meint for alle vasskraftressursar, td også om naturhestekraftalet er under 4000 eller endringa ved regulering vert mindre enn 500 og fallet dermed fell utafør dette lovverket.

Eg understrekar at vasskraftressursar i Noreg ikkje tilhøyre staten eller den som avleider sin rett frå Kongen (Staten) slik tilfellet er i dei fleste landa i Europa. I Noreg tilhøyre desse ressursane i utgangspunktet den som eig grunnen der fallet ligg, dvs bøndene eller svært ofte eit sameige av bønder og/eller andre grunneigarar. Denne rettsstilstanden er kodifisert i vassressurslova § 13, men var også slått fast i tidlegare lovgjeving.

Det fylgjer av dette at strukturen i lovgjevinga bør vera slik anten vasskraftressursane kjem inn under industrikonsesjonslova og/eller vassdragsreguleringslova eller ikke gjer det:

Det blir slått fast at vasskraftressursane er grunneigarane (bøndene) sin eigedom.

Dei samfunnsomsyna som må takast vert sikra ved at eigarane gjennom lov- og regelverk vert pålagde rammer for korleis dei kan nytta denne ressursen.

Berre når dette lov- og regelverket ikke vert respektert blir det eit mål at det offentlege overtek eigarskapen til ressursane,

Utgangspunktet for denne strukturen i lovverket er at rettstilstanden i Noreg er slik at grunneigarane og gjerne heile lokalsamfunn gjennom sameigeordningar reint faktisk er eigarar av desse ressursane. Dette kan ingen domstol, heller ikkje EFTA domstolen endra.på. Det er også eit akseptert prinsipp både i Noreg og i Europa at staten kan leggja føringar på korleis dette eigarrådveldet skal utøvast.

Ordningar som sikrar norsk kontroll med vasskraftressursane på denne måten kan ikke setjast til sides.

Det finst også mange andre gode grunnar for at forvaltinga av vasskraftressursane bør styrast på denne måten.

Eg nemner nokre:

Vi har alt eit lovverk som kan nyttast utan større endringar når det gjeld forvaltninga av mindre fall, nemleg reglane i jordlov og bygningslov for frådelling av jordbruks- eller grunneigarressursar og den vanlige konsesjonslova frå 2003. Dette lovverket kan byggjast ut til å kunna nyttast også for større fall utan at det vert turvande å nytta uklare og mangetydige omgrep som td "naturhestekrefter".

Eigarskapsinstituttet vert respektert. Eigarane sjølve vert aktive i styringa av utnyttinga av desse ressursane innafor dei rammene som vert dregne opp.

Verdiane vert i større mon enn no verande att i lokalsamfunna.

Eg nemner at sjølv om vi berre reknar med attverande småkraftressursar, så ligg energipotensialet i storleiksorden 25 Twh. Dette åleine representerer ei brutto inntekt på storleik med samla overføringar frå staten til jordbruket.

Forvaltninga av vasskraftressursane skjer no i hovudsak gjennom kommersielle selskap med fortjeneste som overordna mål. Lokal styring av vasskraftutnyttinga gjev ei betre styring særleg når politiske mål skal vektleggjast, som når td Stortinget gjennom Innst. O 101 (1999 - 2000) seier at energiresursane skal nyttast på ein måte som kjem lokalsamfunna til gode.

3. Litt om naturhestekrefter

Naturhestekraftomgrepet er sentralt både i industrikonsesjonslova og i vassdragsreguleringslova. Tal naturhestekrefter i fallet avgjer ma kva for lov saka skal førehavast etter ved konsesjonssøknader og om det er heimfall på fallet eller ikkje.

Konsesjonskraft og andre inntekter til kommunane og til bøndene aukar stort sett med aukande tal naturhestekrefter. Utbyggjaren kan i stor mon sjølv påverka korleis utbygginga skal skje og dermed naturhestekrafttalet. På den måten får utbyggjaren avgjerande påverknad både på fallet sin rettslege status og inntekter av fallet for stat og kommune og for falleligarane. I hovedsak gjeld at dess meir regulering og oppdemming dess høgre naturhestekrafttal og dess større inntekter. Eit sterkt insentiv for øydelegging av natur og miljø!

På litt sikt må det vera utenkjeleg at naturhestekraftomgrepet som kriterium i slike samanhengar framleis skal gjelda, særleg når utbyggjaren sjølv i så stor mon kan påverka kor mange naturhestekrefter fallet skal reknast å ha.

I tillegg kjem at dette omgrepet i seg sjølv er mykje ueintydig. Det er td ikke utenkjeleg at

naturhestekrafttalet for eitt og same fall kan vera dramatisk ulikt ved ulike måtar å byggja ut fallet på. Ein måte å bygga ut på kan plassera fallet mellom dei fall som det er heimfall på. Andre måtar å byggja på gjer at det ikke vert heimfall, kan henda også slik at fallet heller ikkje kjem inn under reglane i vassdragsreguleringslova.

Høgsterett har i dom 1701 08 sagt at naturhestekraftmetoden ikkje skal kunna nyttas ved verdsetjing av fall som kan byggjast ut separat. Men på dei andre punkta der naturhestekrafttalet får verknad er det ingen endring, og blir det heller ikkje etter det lovframlegget som no ligg føre.

Alle kraftverk er no sikra tilgang til elektronettet og energien kan dermed seljast når den blir innvunnen. I mange tilfelle blir det då like økonomisk heldig å byggja ut utan regulering som med regulering. Utbygging utan regulering vil også jamnast vera den beste ut frå omsynet til natur og miljø.

Det er meiningslaust å halda oppe naturhestekraftkriteriet og nytta det på same måten som til no i denne situasjonen.

4. Litt om utleige av fallrettar

Utleige for ein åremålsperiode på td 40 år er no blitt vanleg for mindre fall som det ikkje er heimfall på. Etter at leigeperiodane er ute fell fallet attende til til eigarane. Sume av avtalane om dette er forma ut på ein måte som sikrar falla både for lokalsamfunna og for storsamfunnet for ettertida. Slike avtalar gjer det og mogeleg å samarbeida med andre i grenda, med kommunane og med lokale kraftselskap. Ettersom avtalane er tidsavgrensa, vert ressursane etter åremålsperioden verande i bygda sjølv om kraftselskapet går konkurs eller aksjane selde.

Avtalar som gjeld for meir enn 10 år skal etterprøvast etter hovudreglane i jordbrukslovgjevinga (og bygningslova) for å sikra at frådeling av slike redssursar er forsvarleg ut frå både jordbruksomsyn og overordna samfunnsomsyn.. Dei skulle også vore vurderte etter den vanlege konsesjonslova frå 2003 om leigaren/kjøperen bør få overta fallretten. I praksis blir dette ikkje gjort. Dette har ført til at mange useriøse selskap har skaffa seg slike fallrettar på vilkår som slett ikkje er akseptable. Sume avtalar er så meiningslaust dårlege både for falleigar og samfunn at styresmaktene også i ettertid bør gripa inn og krevja avtalane retta opp.

Likevel er det heilt klart at denne ordninga har ført til at ein mykje større del av fallverdiane og verdiskapinga er blitt att i lokalsamfunna enn tilfellet var tidlegare. Dette er også ein del av bakgrunnen for høgsterettsdommen 1701 08. Denne dommen vil føra til at verdien av fall i ekspropriasjonstilfella på falleigarane si hand i mange tilfelle vil bli mangedobla, i enkelte tilfelle meir enn 100 dobla.

Etter lovframlegga skal det bli mogeleg også for staten å leiga ut store fall, dvs fall som kjem inn under industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova og dermed inn under heimfallsreglane. Det ser også ut til at dei store norske kraftverkseigarane skal få behalda inntil 1/3 av eigarskapen til fall som staten/kommunane skal overta etter heimfallsreglane, og at eitkvart offentlig eller privat eigd selskap i heile Europa skal kunna eiga inntil 1/3 av kraftselskapa. Fullt utnytta vil dette føra til at det offentlege sin eigardel i falla vil gå ned frå 88 % til under 60 %, truleg godt under 50 % om vi reknar med mindre fall der staten ved ikkje å krevja frådelingsreglane nytta har akseptert meiningslause leige- eller salsavtalar for mindre

fall.

Dei reglane som er gjort framlegg om for store fall vil knapt gje staten eller kommunane nokon reell styring med utviklinga når det gjeld denne tredjeparten av fallressursane. Skil fall leigast ut, eller skal private koma inn med opptil 1/3 av eigarskapen, kan det ikkje diskriminerast mellom innteressantar. Etter EØS reglane må slike avtalar truleg lysast ut på tilbod eller det må på andre måtar sikrast mot at norske selskap eller selskap som det offentlege helst vil ha inn som medeigarar kjem i ein heldigare stilling enn kven som helst i Europa. Det blir lite rom att for styring for det offentlege.

Hydro og Elkem er vel heller ikke kjende for å vera særleg opptekne av overordna samfunnsomsyn.

Dessutan, sjølv om overdraging til private etter desse reglane ikkje vert gjennomførde, vil det likevel skje overføringar av verdiar frå lokalsamfunna til storsamfunnet i dramatisk omfang og på endå sterkare måte enn tidlegare fordi eigarskapen til falla i stadig sterkare grad vert overførde til store offentlege selskap som blir kontrollerte frå urbane strok, og der drifta heilt ut er basert på såkalla kommersielle prinsipp der overordna politiske mål tel lite.

I tillegg vil omgrepet "naturhestekraft" fylgja med som kriterium for rettsleg status for falla og kunna gje mildt sagt merkelege resultat.

5. Konklusjon

Lovframlegget må stogkast.

Det må setjast i verk nytt utgreiingsarbeid med sikte på å finna fram til rettsreglar som sikrar norsk eigarskap og råddvelde over fallrettar.

Dette utgreiingsarbeidet må ta utgangspunkt i at fallrettar i Noreg er ein del av grunneigarretten, der ein i omgrepet "grunneigarrrett" også reknar inn sameigerrett fordi mange fall i Noreg tilhøyrer ei sameige der svært mange i bygda er medeigarar.

Styringa av ressursbruken må skje ved at det gjennom lov- og regelverk vert lagt føringar på korleis falla vert nytta.

Vikanes 2504 08



Otto Dyrkolbotn